



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Nemnd for vilt, fiske og friluft.
<b>Stad:</b>	Landbrukskontoret,
<b>Dato:</b>	30.05.2018
<b>Tid:</b>	17:00 – 18:30

---

**Medlemer som møte:**

Sigurd Voldsund Nygard	Leder	H
Knut Tandberg	Nestleder	H
Bente Storvik	Medlem	H
Marie Runde	Medlem	FOLK/SP
Endre Igesund	Medlem	AP

---

**Forfall:**

--	--	--

---

**Varamedlemer som møte:**

--	--	--

---

**Andre:**

Anne Kathrine Løberg, avdelingsleiar landbruk.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:

Marie Runde og Knut Tandberg.

Orienteringar:

Sigurd Nygard orienterte om hjort i Frøystadvågen.

Sigurd Nygard tok opp oppfølging av Bandtvangskilt ved Heid tursti.

Nemnd for vilt, fiske og friluft ber kommunen følgje opp vedtak i sak 08/17 den 23.03.17: Nemnda oppmodar Herøy kommune om å kjøpe inn bandtvangskilt for plassering ved Heid tursti, lysløypa på Leikongeidet og turstiane på Runde.

Kommunen fekk melding om vedtaket, men nemnda legg merke til at vedtaket ikkje er følgt opp.

---

Marie Runde

Sigurd V. Nygard  
underskrifter

Knut Tandberg

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 7/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/18	Protokoll frå førre møte
PS 9/18	Søknad frå Herøy ettersøksring om stønad frå villfondet
PS 10/18	Søknad om bestandsplan frå Indre Herøy Storvald for perioden 2018-2020
PS 11/18	Målretta tildeling til Ytre Herøy hjorteviltområdet for hjortejakta 2018
PS 12/18	Hjort med unormal oppførsel

## **PS 7/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 8/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

## **PS 9/18 SØKNAD FRÅ HERØY ETTERSØKSRING OM STØNAD FRÅ VILTFONDET**

### **Møtebehandling:**

Sigurd V. Nygard og Knut Tandberg reiste habilitetsspørsmål dådei begge er godkjende ettersøksjegerar i Herøy ettersøksring. Dei gjekk frå under handsaming av habilitet.

Sigurd V. Nygard og Knut Tandberg vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav a.

Bente Storvik vart vald til å leie under handsaming av saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. - 30.05.2018**

Nemnd for vilt, fiske og friluft løyver inntil kr. 15.000,- frå viltfondet til 2 medlemmer i Herøy ettersøksring for gjennomføring av kurset Ettersøk vidaregåande. Pengane vert betalt ut når det ligg føre dokumentasjon på kostnadane.

## **PS 10/18 SØKNAD OM BESTANDSPLAN FRÅ INDRE HERØY STORVALD FOR PERIODEN 2018-2020**

### **Møtebehandling:**

Knut Tandberg reiste habilitetsspørsmål då han er grunneigar, jeger og valdsansvarleg i Indre Herøy storvald. Det er og han som har ført planen i pennen.

Han gjekk frå møtet under handsaming av saka.

Knut Tandberg vart samrøystes kjen inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav a.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. - 30.05.2018**

1. Nemnd for vilt, fiske og friluft godkjenner målsetting (punkt 3) og plan for årleg avskyting (punkt 5) i bestandsplane for Indre Herøy storvald for perioden 2018-2020.
2. Nemnda gir valdet ei samla tildeling og løyve på 138 frie dyr for perioden 2018-20.

## **PS 11/18 MÅLRETTA TILDELING TIL YTRE HERØY HJORTEVILTOMRÅDET FOR HJORTEJAKTA 2018**

### **Møtebehandling:**

Marie Runde reiste habilitetsspørsmål då ho er dotter til ein av grunneigarane i valdet og bur på same eigedom som faren.

Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Marie Runde vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav b.

Nemn for vilt, fiske og friluft kom med slik nytt samrøystes framlegg:

1. Nemnd for vilt, fiske og friluft nyttar 50%-regelen og aukar minstearealet for tildeling av fellesløyve med 50% til 900 dekar for valdet. Grunnen til endringa er låg fellingsprosent i valdet siste åra. Regelen skal ikkje gjelde Runde, grunna førebygging av beiteskader på jordbruksareala.
2. Nemnd gir Ytre Herøy hjorteviltområde fellingsløyve på hjort for 2018 pålydande:
  - 9 kalvar
  - 12 vaksne hodyr (1 ½ år eller eldre)
  - 7 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
  - 8 vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre)
3. Nemnda oppmoda valdet om å samarbeide for å felle dyra dei er tildelt.

## **Vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. - 30.05.2018**

1. Nemnd for vilt, fiske og friluft nyttar 50%-regelen og aukar minstearealet for tildeling av fellesløyve med 50% til 900 dekar for valdet. Grunnen til endringa er låg fellingsprosent i valdet siste åra. Regelen skal ikkje gjelde Runde, grunna førebygging av beiteskader på jordbruksareala.
2. Nemnd gir Ytre Herøy hjorteviltområde fellingsløyve på hjort for 2018 pålydande:
  - 9 kalvar
  - 12 vaksne hodyr (1 ½ år eller eldre)
  - 7 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
  - 8 vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre)

3. Nemnda oppmoda valdet om å samarbeide for å felle dyra dei er tildelt.

## **PS 12/18 HJORT MED UNORMAL OPPFØRSEL**

### **Møtebehandling:**

Leiar Sigurd V. Nygard sette saka på dagsorden som ei hastesak. Det er observert ein voksen hjort i Frøystadvågen med til dels truande oppførsel. Hjorten følger etter born og vaksne og kjem heilt inn på 2 meters avstand. Den trampar i bakken og har trugande oppførsel. Etter vurdering av video-opptak, sendt til leiaren, er dette ein eldre bukk.

Nemnda kom med slikt samrøystes framlegg:

Nemnd for vilt, fiske og friluft gir løyve til skadefelling av ein – 1 – hjort, med heimel i Naturmangfaldlova §18.

Vilkår:

- 1.Løyvet gjeld den eldre bukken som er observert med trugande oppførsel
- 2.Avskytinga skal utførast av Herøy ettersøksring
- 3.Ettersøksjegerane skal ta kontakt med valdsansvarleg i Ytre Herøy hjorteviltområde og jaktretthavarane i området før felling vert utført.
4. Løyvet gjeld fram til jaktstart 01.09.2018

### **Vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. - 30.05.2018**

Nemnd for vilt, fiske og friluft gir løyve til skadefelling av ein – 1 – hjort, med heimel i Naturmangfaldlova §18.

Vilkår:

- 1.Løyvet gjeld den eldre bukken som er observert med trugande oppførsel
- 2.Avskytinga skal utførast av Herøy ettersøksring
- 3.Ettersøksjegerane skal ta kontakt med valdsansvarleg i Ytre Herøy hjorteviltområde og jaktretthavarane i området før felling vert utført.
4. Løyvet gjeld fram til jaktstart 01.09.2018

**MØTET SLUTT!**